

Forvaltningsmål for hjortebestanden i Bremanger kommune 2021 – 2024



Vedteken av kommunestyret 29.04.2021, KST-sak 024/21

Innhaldsliste

| | |
|---|---|
| Naturmangfoldloven..... | 3 |
| § 1.(lovens formål)..... | 3 |
| Kunnskapsgrunnlaget..... | 3 |
| Føre-var-prinsippet..... | 5 |
| § 12.(miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)..... | 5 |
| § 5.(forvaltningsmål for arter)..... | 6 |
| Målsetting..... | 8 |
| Konkrete mål for hjortebestanden 2021 -2024..... | 8 |
| Tiltak i planperioden | 8 |

Naturmangfoldlova

§ 1.(lovens formål)

Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.

I forarbeidet til lova (*Ot.prp.nr. 52 (2008–2009) Side 370:*

Begrepet «naturen» omfatter også naturens økologiske prosesser. Disse er uttrykkelig nevnt for å gi uttrykk for at dynamikken i naturen må sikres. Målet for loven er ikke å stanse naturlig utvikling, men nettopp å sikre at en slik utvikling kan finne sted.

Ved hjelp av begrepene «naturen» og «økologiske prosesser» understrekkes også at in situ-bevaring er hovedmålet med loven. Det vil si at leveområder og arter ivaretas der de forekommer og kan utvikle seg naturlig.

Reglane i kapittel 2 skal fremje ein økologisk berekraftig bruk slik at naturmangfaldet blir halde oppe.

Kunnskapsgrunnlaget

| Positive velferdsindikatorer: | Negative velferdsindikatorer: |
|---|---|
| <ul style="list-style-type: none">• Høge dyrevekter• Låg andel kalv i bestanden• Hjort i alle aldersklassar• Høg gjennomsnitsalder på hanndyra i bestanden• Høg gjennomsnitsalder på hodyra i bestanden• Høg del gamle og store bukkar i farskap rolla• Store kalvar• Låg kalvedødlighet | <ul style="list-style-type: none">• Låge dyrevekter• Høg andel kalv i bestanden• Hjort i få aldersklassar• Låg gjennomsnitsalder på hanndyra i bestanden• Låg gjennomsnitsalder på hodyra i bestanden• Låg del gamle og store bukkar i farskap rolla• Små kalvar• Auka kalvedødlighet vinter |

Ein velferdsindikator er eit objektivt mål på dyrevelferd. Noko som fortel oss om korleis dyret har det, så langt det lèt seg gjere. Og som dermed gjer oss i stand til å vurdere velferda på bakgrunn av logiske resonnement. Velferdsindikator kan vere både miljø- og dyrebaser.

Bremanger kommune har vore med i overvakingsprogrammet for hjortevilt frå 1991 til 2012. Der samla vi inn livmor frå hjortekollene i mange år. Dette har gitt viktig kunnskap om kolla sin kalveproduksjon. Frå 1991 har vi aldersbestemt 11 767 hjort i kommunen.

Seniorforskar ved NINA Vebjørn Veiberg skriv i Overvåkingsprogrammet for hjortevilt:

Et generelt mønster er at når hjortebestandene innen et område øker, medfører dette økt konkurranse om beiteressursene. Dette gir dårligere vekstbetingelser og over tid lavere kroppsvekter, redusert kalveproduksjon og redusert bestandstilvekst.


Reduserte vekter hos de yngste aldersklassene forplanter seg videre til de eldre aldersklassene. Bukkenes gevirproduksjon er et resultat av mange forhold der både genetiske disposisjoner, næringstilgang og kroppsstørrelse spiller inn. Generelt har store dyr større

gevir enn små dyr. Når hjortens gjennomsnittsvekter synker vil dette derfor resultere i gjennomgående mindre gevir. Som en konsekvens av dette har vi observert at en stadig økende andel av de toårige bukkene bare utvikler enkle gevirstenger. De fremstår derfor som klassiske 'spissbukker', eller ettårige bukker.


Bestandsindeks og felt hjort

| Bremanger kommune | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|--------------------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Sett hjort pr. jegerdag | 1,63 | 1,51 | 1,51 | 1,5 | 1,45 | 1,67 | 2,01 | 2,18 | 2,6 | 2,98 | 2,65 |
| Felt hjort pr. jegerdag | 0,19 | 0,2 | 0,16 | 0,15 | 0,13 | 0,13 | 0,15 | 0,17 | 0,19 | 0,2 | 0,18 |
| Felt hjort | 741 | 766 | 694 | 650 | 616 | 580 | 643 | 744 | 882 | 871 | 961 |

Hjortebestanden i kommunen er svært stor. Frå 2014 har det vore vekst i bestanden sjølv om fellingstala har auka. Men tala for 2020 kan tyda på nedgang.



Grafen viser gjennomsnittsalder på kolle (oransje) og bukk (grønt) 2 år og eldre i Bremanger kommune.



Grafen viser sett kolle per bukk i Bremanger kommune. I frå 2013 og fram til i dag 2020 har det vorte meir bukk i bestanden.

Føre-var-prinsippet

Foto: Narve Botnen



Unge bukker 2 til 4 år

Foto: Per Gulestøl



Mellomaldrene bukker 5 til 9 år

Foto: Viggo Igland



Gamle bukker minst 10 år

Bildet viser ein tredeling i forhold til bukken sin økologiske funksjon. Hjortebestandar med ei naturleg aldersfordeling er i god økologisk tilstand. Det er «berre» dei gamle bukkane (som vist på bilde og er på topp/størst) og dei mest utvikla mellomaldrane bukkane som får para seg i eit naturleg økosystem.

Det er svært få bukkar i Bremanger kommune som blir eldre enn 7 år. Men gjennomsnittsalder har auka for bukk 2 år og eldre til 4,6 år i 2019.

Låg gjennomsnittsalder og därlegare vekstvilkår på ho- og hanndyr gjer at hjort med liten kroppsstorlek slepper til i foreldrerollen. Dette kan på lang sikt få negative konsekvensar for hjortebestanden, og føre-var-prinsippet kjem til anvending her.

§ 12.(miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)

For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i **slite driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.**

| Jaktuttak i Bremanger kommune | | | |
|----------------------------------|---|-----------------------------------|----------------------------|
| | Tidligere bruk 1975-1990 | Nåværende bruk 1990 -2020 | Fremtidig bruk 2021 ... |
| Jaktuttak på kalv | Ingen/liten | Middels | Høg |
| Jaktuttak på spissbukk | lite | Middels | Høg |
| Jaktuttak på kolle 1 år | Lite | Middels | Høg |
| Jaktuttak på kolle | Midels | Middels/høg | Lite/middels |
| Jakt uttak på bukk | Høg | Høg | Lite |
| Bestandsstørrelse | Liten/midels Liten andel Liten andel Dårlig økologisk tilstand | Svært stor | Midels |
| Voksene koller 4 – 18 år | | Liten andel | Normal andel |
| Voksen bukk 7 – 12 år | | Liten andel | Normal andel |
| Økologisk tilstand | | Dårlig økologisk tilstand | God økologisk tilstand |
| Viltlov 1981 §§ 1 og 3 | ikkje i bruk | Lite i bruk | |
| Dyrevernlov Dyrevelferdsloven | ikkje i bruk | ikkje i bruk <u>Noe i bruk</u> | Tas i bruk |
| Naturmangfoldslova | Ingen lov | <u>Noe i bruk</u> | Tas i bruk |

Tabellen viser i første kolonne jaktuttak, bestandsstorleikar, bestandinnhald og regelverk. Dei neste to kolonnane viser tidlegare og noverande bruk. Kolonnen lengst til høgre viser framtidig bruk av hjortebestanden. Naturmangfaldet er i vareteke på og miljøforsvarlege driftsmetodar er vurderte opp mot regelverket, og med tanke på bestandsreduksjon

Miljøforsvarlege driftsmetodar:

| Bærekraftig bruk | | | |
|------------------------------|--|--|---------------------------|
| Hausting av: | Økologiske prosesser | Hjortebestand i god økologisk tilstand | Dyrevelferd |
| Auka uttak av hjortbestanden | Mindre press på ander arte i miljøet | Færre hjort i vinterbestanden | Positiv velferdsindikator |
| Auka uttak av kalv | Lav andel kalv | Mindre kalv i vinterbestanden | Positiv velferdsindikator |
| Auka uttak av spissbukk | Lav andel spissbukk | Mindre spissbukk i vinterbestanden | Positiv velferdsindikator |
| Auka uttak av kolle | Ta hensyn til kollas økologisk funksjon. | Mindre fjordkolle eller små koller i vinterbestanden | Positiv velferdsindikator |
| Mindre uttak av bukk | Ta hensyn til bukkens økologisk funksjon | Auka andel gammal bukk vinterbestanden | Positiv velferdsindikator |

Prinsippa i kapittelet om alminnelege avgjerder om berekraftig bruk og dyrevelferd er lagt til grunn for å sikre naturmangfoldlovens formål i § 1 og forvaltningsmåla i § 5.

§ 5.(forvaltningsmål for arter)

Målet er at artene og deres genetiske mangfold ivaretas på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet ivaretas også artenes økologiske funksjonsområder og de øvrige økologiske betingelsene som de er avhengige av.

I forarbeidet til lova: NOU 2004:28 Side 185:

Forvaltningen skal skje på en slik måte at de økologiske betingelsene og det genetiske mangfold som trengs for å opprettholde artene og deres naturlige utvikling på lang sikt, er til stede. Det betyr at høsting og annen påvirkning av artene ikke skal føre til at arter eller bestander får en dårlig økologisk tilstand, eller til at arten eller bestanden går fra å være levedyktig til å bli truet, sårbar eller hensynskrevende.


I forarbeidet til lova: (Ot.prp.nr. 52 (2008–2009) side 376:

Målet er at artene og deres genetiske mangfold «ivaretas». I det ligger at man søker å beholde eller oppnå en god økologisk tilstand. Naturlig utvikling inngår også i begrepet. Noen ganger er en naturlig påvirkning forsterket på grunn av menneskers påvirkning, andre ganger er en utvikling i all hovedsak skapt av mennesker.

Naturleg utvikling inneber å sjå hjortebestanden i eitt intakt økosystem der rovdyra livnærte seg av hjorten. Menneska er i liten grad med å forme hjortebestanden her.

Å oppnå ein god økologisk tilstand i hjortebestanden ut frå ei naturleg utvikling vil seie å ha ei naturleg aldersutvikling i hjortebestanden. Avskytinga vår av bestanden må då leggjast så nært opp til rovdyra sitt uttak av hjortebestanden som råd.

Hjortens naturlig utvikling i alder og predasjon



Figuren viser predasjonstrykket i forhold til alder hos hjorten. Brunt felt viser kalvproduksjonen ho og hann. Røde felt er kolle. Blå felt er bukk og tjukkastefeltet viser når bukken er på topp/størst i livet og den er då mest seksuelt aktiv. Grønt felt viser rovdyrpredasjon på hjorten. Jo tjukkare feltet er jo høgt er predasjonstrykket på aldersklassen. I marginale område kan rovdyra ta ut heile årsproduksjonen av kalv.

| Naturlig utvikling og god økologisk tilstand i hjorte-bestanden | Andel av alderskategoriar i vinterbestand av hjort | | | | | | | | | | |
|---|--|-------------------|-------------------|-------------------------|-----------------|-------------------|-------------------|-------------------------|---------------|-----------------------------|---------------------|
| | Kalv | | Ungkolle 1 -3 år | | Kolle 4 - 20 år | | Spissbukk | | Bukk 2 – 4 år | Bukk 5 – 9 år | Bukk 10 år og eldre |
| | Andel | Vekt | Andel | Vekt | Andel | Andel | Vekt | Andel | Andel | Andel | |
| Bremanger kommune i dag | Låg | Høg | Normal | Høg | Normal | Låg | Høg | Normal | Normal | Normal Haremsbukkar Farskap | |
| Dyrevelferdslov | Svært høg | Låg | Svært høg | Låg | Låg | Høg | Låg | Normal | Låg | Svært låg | |
| | Høg „taparane“ | Låg „taparane“ | Høg „taparane“ | Låg | Låg | Høg „taparane“ | Låg „taparane“ | | Låg | Svært låg | |
| | | | | Ingen respekt for arten | | | | Ingen respekt for arten | | | |

Figuren over viser vinterbestand av hjort, delt opp i ulike alderskategoriar. Felta brunt, raut og blått viser ein naturleg alderssammensettning i ein vinterbestanden. Denne bestanden er i god økologisk tilstand. Det kvite feltet viser bestand i Bremanger kommune etter mange års forvalting. Det er berre aldersgruppa bukk 2 – 5 år som har normal del med hjort i vinterbestanden, og det er svært bra. Svart pil viser att kollene blir bedekt av unge bukkar i dag pga at det er svært få bukkar på 10 år og eldre i dag. Det gule feltet viser dyrevelferdslova. Etter mange års forvaltning er bestanden alt for stor, dyra er for små og bestanden er for ung i Bremanger kommune.

Forvaltning av dyr skal skje med respekt for dyret sin eigenart. Dyrevelferd er m.a. å sjå på moglegheita hjorten har til å utøve artsspesifikk, naturleg åferd og utfolde det biologiske potensialet sitt. Når dyrevelferd skal vurderast for ei gruppe dyr, må det rettast spesiell merksemd mot «taparane», dei individua som kjem därlegast ut.

Målsetting

Forvaltningsmål for hjort i Bremanger kommune skal ta vare på økologiske prosessar ved berekraftig bruk på kort og lang sikt. I det ligg det å oppnå ein god økologisk tilstand i hjortebestanden ved å kopiere aldersstrukturen i ein naturleg hjortebestand.

Dette til glede for kommande generasjonar i landbruksnæring og friluftsliv i Bremanger kommune

Konkrete mål for hjortebestanden 2021 - 2024

| | | Dyrevelferdsloven | Naturmangfoldloven | Mål 2021-2024 | Virkemiddel/ tiltak |
|---|--|--|---|---|---|
| H j o r t e s t a n d e n | Sett hjort per jegerdag | Dyr har egenverdi uavhengig av den nytteverdien de måtte ha for mennesker. Dyr skal behandles godt og beskyttes mot fare for unødige påkjenninger og belastninger. | Målet er at artene og deres genetiske mangfold ivaretas på kort og lang sikt. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet ivaretas også artenes økologiske funksjonsområder og de øvrige økologiske betingelsene som de er avhengige av ved bærekraftig bruk. | God økologisk tilstand i hjortebestanden | Bestandsreduksjon Vertskommunesamarbeid Felle svært mye kalv. Felle mindre av eldre dyr. Felle små koller Infomøter Merkeprosjekt |
| | Auke Gjennomsnittsalder | | | 1,5 | |
| | Sett kolle per bukk | | | Gjennomsnittsalder Bukk 8 år | Ha flere eldre dyr i vinterbestanden. Felle returbukker 12+ og gamle koller 18 + Felle meir unge koller Kjeveinnsamling og infomøter |
| | | | | Kolle 10 år | |
| | | | | 1,20 | Når sett kolle per bukk er mindre enn 1,00 kan ein løyve meir bukk. |
| Beitegrunnlaget | Låg vekt på hjorten kommer av at beitegrunnlaget er for lite. | | | Felle meier hjort | Redusere vinterbestanden av hjort |
| Skader på naturmangfold | Overbeite på enkelt arter og livsgrunnlag for andre arter. | | | Redusere hjortebestand | Redusere hjortebestand |
| Skader på skog- og jordbruk | Skogbrukslov § 6 Mindre skade på innmark og skog | | | Mindre skader | Redusere hjortebestand Felle meir hjort |
| Trafikk-påkjørslar | Redusere tall påkjørslar der hjort innblanda til mindre enn : | | | 10 i året | Redusere hjortebestand |
| Viltfond | Kunnskapsformidling om hjortens økologi | | | God økologisk tilstand | Kjeveinnsamling og infomøter |
| Nærings | Sal av hjortejakt kan være ein viktig inntekt. | | | Auka gjennomsnittsalder | Redusere hjortebestand og |
| Rekreasjons | Kvaliteten på friluftsliv vil auke med ein naturlig hjortebestand. | | | | Felle større andel kalv |

Tiltak i planperioden

- Jobbe for felles forvaltningsmål innanfor årsleveområdet og vertskommunesamarbeid med dei andre kommunane vi deler hjortebestand med.
- Bygdemøte med vald og jegere om auka uttak av kalv i hjortejakta. Informasjon om hjortebestand i god økologisk tilstand. Finansiert med viltfondsmidlar.
- Fortsette med kjeveinnsamling. Det er svært viktig å ha oversikt over alderssammensetninga i hjortebestanden. Finansiert med viltfondsmidlar.